


Sluttrapport – sju nye skilt i Hystadmarkjo

ID 6040 Gravrøys, steinring (tal 2)
ID 25601 Gravrøys
ID 35507 Gravrøys
ID 55291 Gravrøys
ID 66489 Gravrøys
ID 217600 Steinring

ID 15868 Gravrøys
ID 25602 Gravrøys
ID 35508 Gravrøys
ID 55292 Gravfelt med 4 gravrøyser
ID 66491 Gravrøys



Illustrasjon: Arkikon



Foto: Guri A. Aksnes

**Grunneigarar: Stord kommune Gnr 26 bnr 303, 307,649
Staten Gnr 26 bnr 566**

I 2015 fekk Stord kommune tilsagn om **kr 180 000** frå Barkmidlane til å fornye skilt i Hystadmarkjo. Fylkesmannen i Hordaland ved miljøvernavdelinga har løyvd **kr 140 000** av midlar til informasjonstiltak (Prosjekt 8357).

Hystadmarkjo har mange kvalitetar som det er særst viktig å verne om. Eit større område er freda som naturreservat, og det er fleire fornminne som er freda gjennom Lov om kulturminne. Det er 16 gravrøyser og 2 steinringar frå jern- og bronsealder, og eit nyare tids kulturminne som er ein koleragravplass frå 1849.

Området ligg i sjøkanten med 2 attraktive strender; Apalvikjo og Mjelkevikjo. Fram til 1995 var området ikkje tilgjengeleg på anna måte enn med båt.

I starten på 1990 talet gjekk Fylkesmannen si miljøvernavdeling, Fylkeskonservatoren, Kulturlandskapscenteret i Hordland og Stord kommune i saman om å opne det attraktive området for allmenta. Med ein kultur- og natursti ville dei styre ferdsla i området.

Stien opna i 1995, og er no attraktiv for friluftsliv. Det var sett opp åtte opplysningsskilt. Fire skilt omhandlar kulturvern og fire skilt omhandlar naturtilhøva. I tillegg var det to større opplysningsskilt som står ved kvar av inngangane til stien.

Skilta har stått i 22 år. Det var trong for nye skilt med universell tilkomst, og med oppdatert tekst, bilde og illustrasjonar.

Ei arbeidsgruppe har samarbeidd om å fornye skilta:

Stord Fitjar landbruks og miljøkontor:	Kari Rydland
Hordaland fylkeskommune:	Solveig Lohne Rongved
Friluftsrådet Vest:	Knut-Arild Sørensen
Stord kommune:	Sylve Rusten
Stord sogelag	Atle Bjørn Mæhle
Stord kyrkjekontor	Liv Kari Bru
Stord kommune:	Guri Andresen Aksnes

Ansvarleg: Stord kommune v/Kulturtenester

Ansvarstilhøve

- Stord Fitjar landbruks og miljøkontor har forvaltningsansvaret for Hystad naturreservat.
- Fylkesmannen i Hordaland v/ miljøvern- og klimaavdelinga skal kvalitetssikre skilt som omhandlar reservatet og dei botaniske tilhøva.
- Hordland fylkeskommune har ansvar for skjøtselsplanen og å kvalitetssikre innhald og illustrasjonar av skilt som gjeld kulturminne.
- Stord kommune har delegert ansvar for vedlikehald og forvaltning av området til Friluftsrådet Vest.

Hordaland fylkeskommune, ved fylkeskonservatoren har utarbeida skjøtselsplan for området. Sidan fleire av kulturminna ligg innanfor eit freda naturreservat er planen utført i nært samarbeid med Stord Fitjar landbrukskontor og Fylkesmannen sin miljøavdeling og UIB.

Fylkeskonservatoren har også revidert skilt som gjeld fornminne. Illustrasjonane er laga av Arkikon AS.

Anders Lundberg, ved institutt for geografi, Universitetet i Bergen, har ansvar for tekst, bilete og layout på skilt som omhandlar naturtilhøva.

Skilta er ikkje heilt like då dei som omhandlar det geologiske området Hystad naturreservat, er utført etter Temaplakaten frå Miljødirektoratet, men skilt som gjeld kulturminne er sett opp etter mal for kulturminneskilt.

Grafisk arbeid av skilt som gjeld naturtilhøva er utført av Byrået AS. Dei har også stått for trykk av alle skiltplatene, produksjon av skilt og montering. I tillegg har dei måla tre skiltrammer som me valde å behalde. Det er to store opplysingsskilt og eit mindre skilt ved gravrøysa i Valevågen.

Kulturminne som læringsarena

Det er arbeid med å knytte avtaler mellom skulane, grunneigar og Friluftsrådet om deltaking i skjøtselsarbeidet.

To personar frå Friluftsrådet Vest har rydda og felt tre i området rundt gravrøysa mot Valevågen, og elevar frå Hystad skule har rydda i røysa og i stien som fører fram til kulturminnet. Arkeolog frå fylkeskommunen, Solveig Lohne Rongved, rettleia korleis arbeidet skulle gjerast og ho fortalde om historia rundt kulturminna.

Hystad skule har no adoptert kulturminne, og elevane skal kvar haust rydde i og rundt gravhaugen i Valevågen.

Økonomi.

Søknad om BARK midlar gjaldt primært tilskott til sju opplysningskilt med nye illustrasjonar og ny tekst. Totalt var utgiftene i 2015 sett til kr 361 000. Kommunalt tilskott var berekna til kr 30 000, og tilskott frå andre kr 51 500.

I søknaden var det ikkje lagt inn utgifter til å oppgradera to større skilt som står ved kvar av inngangene til stien og til eit skilt ved Valevågen. Fullfinansiering til layout, tekst og nytt trykk av dei fire skilta som omtale naturområdet var heller ikkje lagt inn i søknaden.

Stord Fitjar landbrukskontor søkte Fylkesmannen i Hordaland om midlar og fekk tilsegn på kr 140 000,-.

Miljødirektoratet sette som vilkår til tilskotet om at deira skiltmal skal nyttast. Direktoratet har vore midt i arbeidet med å endre malen, slik at prosjektet i Hystadmarkjo har drege ut i tid. I mellomtida så er kostnadene endra.

Sjølv om skilt som gjeld naturtilhøva og opplysningskilta ikkje er ferdig montert og rekneskapen for desse skilta ikkje er endeleg, så vel me å sende rapporten til Riksantikvaren.

Arbeid i 2015 og 2016 har stort sett vore førebuande møte. I 2015 har me hatt 4 møte og ei felles synfaring. I 2016 har det vore 3 møte, ein synfaring og 2 dagar med skjøtsel i eine gravrøysa. I 2017 har prosjektgruppa berre hatt eit møte, men det er utført meir praktisk og administrativt arbeid. Som nemnt er det fylkeskonservatoren som har utarbeid skjøtelsplanen for kulturminna i området.

Utgifter

Møter, synfaring og reisetid, 2015 /2016	kr	105 880	
Stord kommune, adm. 2015/2016	kr	44 000	
Møter, synfaring og reisetid 1017	kr	20 000	
Stord kommune, 2017 administrasjon	kr	89 000	
Stord Fitjar landbrukskontor adm.	kr	16 500	
Hordaland fylkeskommune, skjøtelsplan / synfaring / møter	kr	69 702	
Hordaland fylkeskommune layout/tekst	kr	36 000	
Friluftsrådet Vest, skjøtsel / fjerne gamle skilt	kr	24 000	
Dugnad skular 2016 / 2017	kr	12 000	
Illustrasjonar Arkikon A/S	kr	22 500	
7 skilt frå Byrået A/S	kr	72 240	
Måling / montering av skilt Byrået A/S	kr	23 175	
Fundament – Stord kommune	kr	87 500	
Anders Lundberg, konsulent honorar (utbet. i Fitjar)	kr	56 806	
	kr	679 303	

Finansiering

BARK midlar v/Riksantikvaren	kr	180 000	
Miljødirektoratet,- informasjonstiltak	kr	140 000	
Tilskot Stord kommune	kr	68 500	
Administrasjonsbidrag	kr	417 082	
Balanse/utestående fordringar		kr	126 279
Sum	kr	805 582	kr 805 582

Rekneskapen er ikkje endeleg då alle skilta ikkje er ferdigstilte. Det står att grafisk arbeid, og trykk av skilt som gjeld fauna og flora, og dei 2 opplysingsskilta. Utgiftene til dette skal belastast Fitjar kommune. Det siste skiltet i Valevågen er heller ikkje ferdig. Det var manglar i skiltet som gjorde at me valte å få nye bilete og oppdatere teksten. Men tiltak som er knytt til søknaden om Bark midlar er avslutta.

Stord 25.10.2017

Guri Andresen Aksnes
kulturkonsulent



